

OSKAR SOLENES

## Friluftsliv og klassekamp - to sider av same sak?

«Etter at det brede lag av befolkningen også fikk fritid og mulighet til å dra ut av byen i skogen og på fjellet, kommer ulikheten mellom arbeiderkulturens idealer og borgerskapets idealer tydeligere fram. Et vesentlig kjennetegn ved den borgerlige naturoppfatningen er ensomhet - individet i kamp med den mektige naturen. Det er de øde viddene og de høye tindene som lokker og drar. Arbeiderkulturens naturoppfatning er mer sammensatt og må knyttes til denne kulturens fritidsidealene, som ikke er ensomhet og uendelighet, men det sosiale. Å gå tur i flokk og følge kommer derfor ikke i konflikt med dette idealet, tvert imot, det er med på å gjøre turen enda rikere.»<sup>1</sup>

Sitatet over oppsummerer på mange vis den etablerte sanninga om arbeidarfriluftslivet i Noreg. Arbeidarfriluftslivet vart fyrst ein realitet i mellomkrigsåra. Som ein direkte konsekvens av innføring av åtte timars arbeidsdag og lovbestemt ferie fekk arbeidarane i byane meir tid til å leve eit friluftsliv, sitt eige friluftsliv. Basert på ein unik arbeidarkultur framstod arbeidarfriluftslivet som distinkt og ulikt det borgarlege friluftsliv. Der borgarskapet søkte mot fjellet og einsemda, søkte arbeidarane til det nære, til skogane som omslutta byen. Dette var den store forteljinga eg hadde med meg da eg tok til med hovudfagsoppgåva mi om arbeidarane i Oslo sitt friluftsliv.<sup>2</sup> Vidare var eg spent på om den polariseringa som prega idretten i perioden 1924-40 også sette sitt preg på friluftslivet og organiseringa av dette i arbeidarrørsla.<sup>3</sup> Fantes det radikale friluftslivsorganisasjonar i arbeidarrørsla slik Arbeidernes Idrettsforbund var det i arbeidaridretten?

Mitt utgangspunkt for denne artikkelen er at ei slik polarisert og stilisert framstilling ikkje er tilfredsstillande. Eg vil freiste å problematisere årsaksforklaringar av den type eg sjølv i utgangspunktet leita etter og

som sitatet over er eit døme på. Eg vil ikkje nødvendigvis kome førestellingar som denne til livs, for det er ingen tvil om at det skjedde ein del endringar i fritidslivet og friluftslivet i løpet av mellomkrigsåra. Turprogrammet til Den Norske Turistforening (DNT), som Lyngø og Schiøtz viser til, endra seg i løpet av mellomkrigsåra, og DNT byrja arrangere fellesturar i fjellheimen. Det er heller ikkje til å stikke under ein stol at folk flest, derunder også arbeidarar, fekk meir fritid i mellomkrigsåra.<sup>4</sup> Lyngø og Schiøtz si framstilling blir her brukt som illustrasjon på ein type framstilling som eg finn utilfredsstillande og for lite nyansert. Eg vil i det følgjande ikkje diskutere meir inngåande deira påstandar om at DNT sitt turprogram endra seg som følgje av arbeidarane si deltaking i DNT, derimot vil eg til ein viss grad kome inn på om det er noko særleg «arbeidersk» over arbeidarfriluftslivet – er det å gå i «flokk og følge» typisk for arbeidarar? Kva var eller er «arbeidarfriluftslivet», kva ligg i eit slikt omgrep? Korleis har dette friluftslivet vore organisert? Hovudtyngda av artikkelen vil likevel dreie seg om spørsmålet: Var friluftsliv ein del av klassekampen? Hadde friluftsliv dei same politiske konnotasjonane ved seg i arbeidarrøsla som det idretten hadde i mellomkrigsåra? Korleis kom dette i så fall til uttrykk? Vidare er det eit ynskje at artikkelen skal klare å problematisere delar av den store forteljinga om arbeidarfriluftslivet.

## Arbeidarfriluftsliv - kva er det?

«Arbeidarfriluftsliv» – det er openbart at det handlar om arbeidarar og friluftsliv. Kvifor dette spørsmålet da? Ein relativt vanleg måte å tenkje seg ei avklaring av omgrepet på, er å si at det var arbeidarar som dreiv arbeidarfriluftsliv. Utfordringa ein da får i denne samanheng er jo blant anna å avgjere kven som var arbeidarar og ikkje. Eit slikt utgangspunkt vil også delvis rive beina under påstanden om at arbeidarfriluftslivet

etablerte seg i mellomkrigsåra. Det fins spor etter friluftslivsorganisasjonar for arbeidarar frå slutten av 1800-talet. Den mest kjende er truleg Turistklubben Gutenberg.

Som namnet tilseier var Turistklubben Gutenberg ein klubb for typografar. Den vart skipa i Kristiania 7. mars 1891 etter ein invitasjon frå C.M. Hagberg, F.P. Schulze og Lars Thuesen, som alle var sentrale tillitsvalde i Den Typografiske Forening. Truleg var dette ein av dei fyrste organisasjonane innan arbeidarrøsla som hadde som mål å få sine medlemmar til å drive friluftsliv. Under mottoet «Frisk luft bringer rikdom» tok klubben i bruk dei nære områda rundt Kristiania som sitt turområde.

Med det store talet på døde av ulike lungesjukdomar blant dei trykkeritilsette, vart det tidleg fokusert på helse blant typografane i Oslo.<sup>5</sup> Typografane var tidleg organiserte, og Oslo Typografiske Forening

Det fins spor etter friluftslivsorganisasjonar for arbeidarar frå slutten av 1800-talet. Den mest kjende er truleg Turistklubben Gutenberg.

jobba aktivt overfor så vel sine medlemmar som arbeidsgivarar for å betre arbeidstilhøva og dei dystre statistikkane over døde blant trykkeriarbeidarane<sup>6</sup>. Skippinga av Turistklubben Gutenberg kan ein forstå med utgangspunkt i ein tankegang om at det var viktig å kome seg ut av byen og trykkeria for å betre livssituasjonen til dei trykkeritilsette. Medlemmane i Den Typografiske Forening hadde også tilgang til ein eigen rekona- valesensheim. Sætherbraaten, ein plass under Håkenstad Gård på Hadeland, vart så tidleg som i 1897 kjøpt av foreininga for 1800 kr. Dette skulle vere ein stad der sjuke medlemmar av foreininga kunne ta inn for ein kortare eller lengre periode av sommaren. Kristianialegen dr. A. Magelssen, som hadde vore nytta av «boktrykernes sykekasse» i mange år, meinte at arbeidarane måtte ta ansvar for å etablere ein slik helse- heim sjølv. «Skulle man vente inntil staten begynte å bygge sanatorier for arbeiderne, fikk man vel vente lenge.»<sup>7</sup> Det var altså helseaspektet som stod sentralt da Den Typografiske Forening tok fatt på arbeidet med å bringe sine medlemmar ut av dei helsefarlege trykkeria og til den friske og livgjevande naturen.

Turistklubben Gutenberg var ein meir eller mindre aktiv turarrangør frå skipinga og inn i det nye hundreåret. Særleg var det turar innover i



Medlemmer av Turistklubben Gutenberg ved hytta i Maridalen en vinterdag omkring 1915.

Nordmarka, med avreise frå byen på laurdag ettermiddag for så å vere attende i byen på søndag kveld, som var vanleg i sommarhalvåret. I høgtider, som til dømes pinsa, vart det ofte arrangert nokre lengre turar. Referat frå turane og samlingane til «gutenbergarane» vart ofte gjengitt i typografane sitt medlemsblad, Typografiske Meddelelser. På denne måten tok langt fleire enn dei faktiske turdeltakarane del i mange av dei friluftsupplevingane og turane som Gutenberg organiserte. For sjølv om det var det sunne liv og helsebot som var det offisielle argumentet for klubben si drift, så er det klart at det også var andre motiv og ein anna rasjonalitet som gjorde seg gjeldande. Helseargumentet var nok alltid der, men var likevel ikkje det som vart trekt fram eller lagt vekt på av medlemmane i det daglege. I staden var det turopplevinga, kjensla av å vere fri og kameratskapet som var det sentrale for dei 60-70 trufaste medlemmane av Turistklubben Gutenberg.

Fagerheim var eit anna tilskot på stamma av arbeidarorganisasjonar som rundt hundreårsskiftet 1900 la til rette for fritidsaktivitet for fagorganiserte. Klubben vart skipa i 1907 som ein sports- og selskapsklubb for møbelsnikkarar i Kristiana. Både Gutenberg og Fagerheim er døme på organisasjonar for fagorganiserte arbeidarar fyrst og fremst. Spørsmålet ein kan stille er jo om medlemmane gjennom desse organisasjonane var vel så opptekne av å skilje seg frå arbeidarklassa som å vere ein del av den. Friluftslivet fungerte i denne samanheng kanskje vel så mykje som sosialt distingverande.<sup>9</sup> Det er vanskeleg å finne solide prov for ei slik fortolkning, men det er få skriftlege spor blant desse fyrste friluftslivsorganisasjonane i arbeidarrørsla som kan underbygge ein motsatt påstand: at friluftslivet bidrog til å etablere ein klar arbeidaridentitet. Det er lite som viser deltakarar i dette friluftslivet med eit klart medvit om sosial

På Bleikøya, Nakholmen og Lindøya fekk arbeidarar tilgang til å sette opp små, provisoriske hytter av staten som grunneigar.

klasse som eit stort interessefellesskap. Det er lite snakk om arbeidarar og arbeidarklassa, avgrensingane går meir etter yrke - typografar, snikkarar, jernbanetilsette med meir.

Mange av fagorganisasjonane var også ivrige hyttebyggerar på fyrste del av 1900-talet. Som typografane var det også mange andre fagorganisasjonar som etterkvart skaffa seg ferieheimar, eller disponerte hytter i byens omland, anten det var i marka eller det var ved Oslofjorden. Det er så vidt eg veit ikkje gjort forsøk på å samle tilgjengeleg informasjon om denne hyttebygginga. Det er difor vanskeleg å fastslå kor

utbreitt den var, i kva tidsperiode det var størst påtrykk av hyttebygging, og om det var enkelte områder som var meir populære enn andre. Dette kunne det vore interessant å vite meir om, da det seier noko om friluftslivet sin posisjon i fagrørsla. Hyttebygginga på ein del av øyane i Indre Oslofjord er meir kjent. På Bleikøya, Nakholmen og Lindøya fekk arbeidarar tilgang til å sette opp små, provisoriske hytter av staten som

grunneigar. Raskt vart desse hyttekoloniane små samfunn for seg sjølv, og Arbeiderbladet refererte i ein avisartikkel til Lindøya som den siste republikk. Hyttebygging både i fagrørsla, blant fritidsorganisasjonane og privatpersonar bidrog til å gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for folk flest. Samstundes vart naturen «kultivert» på ein ny måte, der målet var eit fritidsliv med utgangspunkt i naturen og naturopplevingar.

I tillegg til det organiserte friluftslivet ser det ut til å ha florert eit meir uorganisert og mindre oversiktleg friluftsliv blant arbeidarane i Kristiania. Dette kunne ha form av tradisjonelt sankefriluftsliv anten det var jakt- og fisketurar eller bærturar<sup>9</sup>; det kunne ha form som lengre turar med ei eller fleire overnattingar på plassar eller i hytter, i telt eller under open himmel<sup>10</sup>; eller det kunne ha form som familieutflykter ein søndag til dei bynære parkane eller friområda. Ein slik utfartsstad var «familiedalen» ved Sjømannsskolen på Ekeberg. Der kunne det ifølgje Ernst Jansen vere hundrevis av familiar som slo seg ned.<sup>11</sup> Sjølv var han son av ein skraphandlar og nummer ti i søskenflokken på elleve. Ofte reiste familien ut av byen opp til «familiedalen» på søndagane. Mange hadde med seg mat. Kaffe kunne ein derimot kjøpe hjå eigne «kaffekoner». Å forstå arbeidarfriluftsliv som friluftsliv levd og utført av arbeidarar, er etter mitt syn problematisk. I alle høve om ein talar om arbeidarfriluftslivet i bestemt form. Resultatet av ei slik avgrensing blir at arbeidarfriluftslivet vert mangslunge. Avgrensinga vil vere for vid snarare enn for snever og det ville vere vanskeleg å snakke om *eitt* arbeidarfriluftsliv.



Renovasjonsarbeidare med familier på Ankertorget skal på utflykt tidlig ein søndag morgon i begynnelsen av 1920-årene.

FOTO: JOHAN B. SÆTHER

Eit anna forsøk på avgrensing kan vere at arbeidarfriluftslivet er forbunde med ei eller fleire former for aktivitet. Det er vel delvis ei slik førestilling leiaren av Maridalens Venner, Tor Øystein Olsen, gav uttrykk for i eit intervju med Arbeiderbladet i 1996, da han etterlyste at fleire igjen skulle ta i bruk Osломarka slik det var vanleg å gjere i arbeidarfriluftslivet. Denne typen aktivitet skulle da vere kjenneteikna med vandringar i marka og med utstrakt bruk av «kaffe-Lars» over eit lite kaffebål. Vidare stod det i sterk kontrast til det Olsen refererte til som eit borgarleg friluftsliv prega av «promenering».<sup>12</sup> Lyngø og Schiøtz gjev uttrykk for delvis den same førestillinga når det å gå i flokk og følge blir presentert som noko særleg arbeidersk i motsetnad til det borgarlege friluftsliv. I Henrik Ibsen og Fritjof Nansen si and skal borgarskapet ha kjempa sine kampar både med naturen og seg sjølv i søken etter sitt eigentlege eg.<sup>13</sup> Ei framstilling etter eit slikt mønster kan like fullt vere problematisk. Opererer ein med denne type avgrensingar vil ein finne spor etter det som må kunne karakteriserast som «borgarleg friluftsliv» i Arbeiderbladet gjennom 1920- og 1930-talet. Dei smått legendariske fjellturane til Martin Tranmæl, Einar Gerhardsen, Einar Linderud, Haakon Lie med fleire, vil også bli vurdert til å vere relativt «borgarlege» i formen. Vidare vil ein oppdage at merking av stiar og arrangering av store fellesturar i Osломarka slett ikkje var noko berre arbeidarane i Oslo gjennomførte eller tok initiativ til. I Osломarka var det ikkje arbeidarane som fyrst tok til å gå i «flokk og følge», men ein liten og eksklusiv klubb – Friluftsklubben. Klubben, som har sine aner attende til Centralforeningen for Idrett, vart skipa i 1923.<sup>14</sup> Friluftsklubben var både stimerkar og arrangør



Partikamerater på hyttetur i Nordmarka i 1920-årene.

Fra venstre: Haakon Lie, Rolf Gerhardsen og Martin Tranmæl.

av fellesturar i Osloområdet. I 1933 tok klubben initiativ til skipinga av Oslo og Omland Turistforening og overførte sine oppsparte midlar for stimerking til den nye organisasjonen. I 1936 var klubben også sentral som initiativtakar til skipinga av Oslo og Omland Friluftsråd.

Betyr så dette at arbeidarfriluftslivet ikkje fantes? Betyr det at det Einar Linderud, mangeårig turkamerat av Martin Tranmæl, refererer til som klasseskiljer i Osloområdet ikkje har eksistert?<sup>15</sup> På ingen måte, men det er kanskje mogleg og behov for å nyansere dette polariserte biletet noko. Eg vil argumentere for at frontane nok ikkje var så klare som ein gjerne vil like å tru. I praksis, i det levde friluftslivet blant arbeidarane i Oslo, var nok aktørane meir opptekne av å kome seg ut på tur, anten det var for å bade i sjøen, plukke bær, fiske, campe, vandre eller berre for å ta ein utflukt med familien. Avslutningsvis vil eg likevel relansere omgrepet arbeidarfriluftsliv. Eg gjer dette for å vise at det eksisterte ei *førestilling* om eit arbeidarfriluftsliv, og at dette har gjeve seg uttrykk både i korleis naturen og mennesket sin plass i naturen har vore opplevd og forstått. Mitt argument er at det som gjorde arbeidarfriluftslivet til nettopp arbeidarfriluftsliv var verken at det var arbeidarar som deltok eller at det friluftsliv desse arbeidarane levde var ulikt eller særskild anleis frå det borgarlege friluftslivet – snarare tvert om. Derimot er det den måten det blir opplevd og forstått som del av ein arbeidarkultur som gjer det særskild. Eg kjem meir attende til dette avslutningsvis.

## Arbeidarrørsla og naturen

Naturen er ein viktig del av opplevinga knytt til friluftslivet. Kva forhold hadde arbeidarrørsla til naturen? I perioden 1900-40 meiner eg det er mogleg å identifisere tre ulike tidsperioder med utgangspunkt i natursyn. Den fyrste perioden strekk seg fram til fyrste verdskrig. Dette er ein periode der ein argumenterte for at arbeidarane hadde særleg *behov* for naturen. Naturen var livgjevande. Den var eit pusterom i ein elles hard kvardag for veldig mange arbeidsfolk og deira familiar. I naturen fann dei ro og kvile. Den andre perioden er prega av klassekampen og strekk seg frå om lag 1920 og fram til midt på 1930-talet. Naturen og tilgang til denne er eit gode arbeidsfolk har *rett* på tilgang til på lik linje med andre. I løpet av 1930-åra skjer det likevel ei endring. I den tredje perioden skiftar fokus, og ein byrjar i staden å snakke om *alle* sin rett til fritt å bruke utmark til å leve eit friluftsliv. Ein kan godt si at naturen vart demokratisert i denne perioden.

Når medlemmene i Turistklubben Gutenberg la av gårde på tur, var det mellom anna som følgje av ei tru på at naturen utgjorde ein viktig motpol til det unaturlege liv i byen. I dei fyrste tiåra av 1900-talet vart det lagt vekt på naturen som helsekammer for hardt arbeidande arbei-

I dei fyrste tiåra av 1900-talet vart det lagt vekt på naturen som helsekammer for hardt arbeidande arbeidarar.

darar. Samstundes vart det også frå arbeidarrørsla sine mange ulike organisasjonar ført argument for større kommunalt engasjement for å sikre arbeidsfolk tilgang til naturen. Allereie i 1888 ba Christiania Arbeidersamfunn Kristiania kommune sikre seg eit skogsområde i byens nærområde slik at også arbeidarbefolkninga fekk tilgang til friluftsområder på linje med det dei i vestre og nordre områder av byen hadde. «Især er Savnet af et sted at ty hen til følgelig for de østre Bydeles tallrige Arbeiderfamilier, da disse ikke har Raad til den Udgift, som er forbundet med f.eks at tage med Damskib over Til Ladegaardsøen og landeveien derhen eller til andet antagelig Udflugtssted - f.eks. Grefsenasen, Skoven ved Korsvolden eller lign., bliver alt for langt for nævnte bydele.»<sup>16</sup>

Ei liknande linje vart fulgt opp av andre organ i arbeidarrørsla utover dei fyrste tiåra av 1900-talet. På leiarplass argumenterte Social-Demokraten mellom anna i 1913 for at etablering av utfartsstadar i tilknytning til byen var eit kommunalt ansvar. Det same var tilfelle i 1923 da Jernbanens Baatforening oppmoda Oslo kommune om å sikre folk flest tilgang til Langgåra i Oslofjorden<sup>17</sup>, eller da kommunen kjøpte Ingierstrand i 1936 som bade plass for byens befolkning<sup>18</sup>. Eg skal ikkje gå nærare inn på Oslo kommune sine engasjement for oppkjøp av eigedom og sikring av naturområder til fri bruk for byens befolkning, da dette ligg utanfor denne artikkelen sitt fokus. I staden skal eg nøye meg med å konstatere at kommunen har vore ein liberal eigar av naturområder som ikkje ser ut til å ha lagt særlege restriksjonar på allmua sin bruk av skogen eller øyane i fjorden.

Det som er interessant å merke seg er at dei gongene ulike organisasjonar med røter i arbeidarørsla engasjerte seg i saker vedrørande kommunalt oppkjøp av eigedom, så ser logikken og argumentasjonen som har vore brukt dei to fyrste tiåra av 1900-talet til å ha vore relativt like: Arbeidsfolk frå tronge kår hadde særleg i helgene behov for plassar å nytte til sitt enkle familiefriluftsliv. «En familie vil nemlig da helst ut med smaat og stort og slaa sig ned paa et sted, hvor ikke bare de voksne kan faa hvile og barna faa leke, men hvor de ogsaa kan faa stelle sin medbragte mat, koke sig litt kaffe og ellers bevæge sig som de vil.»<sup>19</sup>

## Naturkamp og klassekamp

Det var altså eit behov for å leve eit friluftsliv skapt av sosiale og strukturelle tilhøve. Etter fyrste verdskrig ser det ut til at retorikken endrar innhald. No er det ikkje lenger arbeidsfolk og deira behov for «(...)let og bekvem adgang til ophold i friluft» som er det sentrale. Argument av denne typen forsvinn ikkje, men det ser ut til å vere ei dreining mot å



For arbeidsfolk i Oslo som bodde i nedslitte og kummerlige boliger, var øyene i Indre Oslofjord et sted å nyte sommeren. Bildet er fra Langåra sommeren 1937.

fokusere på arbeidarane og deira *rett* til opphold i friluft. Friluftslivet og bruk av naturen til fritidsaktivitetar vart i større grad eit spørsmål knytt til sosial klasse.

Arbeiderbladet bidrog aktivt til å etablere dette synet. Redaktør Martin Tranmæl og avisa brukte nærast eitkvart høve til å mane til kamp mot den private eigedomsretten. Sett frå denne ståstaden var den private eigedomsretten ein uting som gjekk på tvers av ei folkeleg rettsoppfatning og som ikkje minst var lite solidarisk. I Arbeiderbladet sin retorikk var den private eigedomsretten på det næraste det same som at arbeidsfolk vart nekta adgang til å ferdast i naturen. Tilgang til naturen vart omtalt som ein nedarva rett alle menneske hadde uavhengig av sosial klasse. Den private eigedomsretten avskar store delar av befolkninga frå denne retten til å leve eit aktivt friluftsliv. Denne uretten mot folket vart ikkje mindre, ifølgje Arbeiderbladet, av at dei som forvalta eigedomsretten mest var opptekne av eiga vinning. Med sylkvass penn førte avisa eit stilsikkert og kraftfullt språk i sine angrep. «Vi kjenner arten. De skal ha i pose og sekk. Store leiligheter i byen, villaer på landet

Ein revisjon av jaktlova frå 1889 vart lagt fram for Stortinget i 1927. Dette var eit direkte insitament for skipinga av Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening i Oslo same år.

og gjerne hytte på fjellet. Men ingen må komme i veien for dem. Et spørsmål som vederlag for de goder de har sikret sig eller rimelig hensyn til andre mennesker som er med å holder det hele oppe, eksisterer ikke.

Det er å krafse til sig selv. Det er en utgave som tilhører de minst tiltalende og sympatiske i hele landet.»<sup>20</sup>

Eitt område innan friluftslivet der denne konflikta vart ekstra synleg, var i samband med jakt og fiske. Dette er aktivitetar som har lange tradisjonar i Noreg, både som fritidsliv og som eit viktig bidrag til matauk. Ein revisjon av jaktlova frå 1889 vart lagt fram for Stortinget i 1927.<sup>21</sup> Dette var eit direkte insitament for skipinga av Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening i Oslo same år. Det vart argumentert både frå Stortinget sin talarstol, i aviser og på ulike politiske møter for at denne lova ytterlegare greip inn i og avgrensa folket sin rett og moglegheiter til å drive jakt.<sup>22</sup> Ein verveplakat for Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening fortel også sitt tydelege språk: «FREDLYST! Adgang til eiendommen forbudt. Overtredelse vil bli påtalt, er skriket fra de menn som idag vil være de toneangivende når det gjelder landets jakt- og fiskerilover. *En naturherlighet* som vår vilt- og fiskebestand *skal være et folkeie*, hevder Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening, og er du enig i det, så gi din opfatning til kjenne ved å melde dig inn i foreningen.»<sup>23</sup>

## Allemannsretten og ei demokratisering av naturen

Utover på 1930-talet ser ikkje frontane ut til å vere fullt så klare, og omtalane av «dei andre» er ikkje like sylkvasse som dei var omlag ti år tidlegare. I osloregionen vart det teke fleire initiativ til etablering av interesseorganisasjonar for friluftslivet. Desse gjekk på tvers av politiske skiljelinjer, og frivillige organisasjonar i både arbeidarrørsla og elles i samfunnet gjekk saman med ulike kommunale organ for å jobbe for ei felles sak. Døme på slike organisasjonar er Oslofjorden Friluftsråd, skipa i 1934, og Oslomarka Friluftsråd, skipa i 1936. Begge kom i stand med sentrale aktørar frå arbeidarrørsla.

I 1936 vart også Oslomarka Fiskealmenning (OFA) skipa etter eit initiativ og samarbeid mellom Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening i Oslo og Aker, samt Oslo Sportsfiskere i 1936.<sup>24</sup> OFA skulle jobbe for å sikre ei betre forvaltning av fiskeressursane i Oslomarka. Dette skulle i utgangspunktet skje ved at kommunane Oslo og Aker vart oppmoda om å la vassdraga i deira skogeigedommar bli del av fiskealmenninga. Mot å betale ei lita fiskeavgift til OFA kunne altså kven som helst fiske i dei delane av marka som OFA rådde over. Slik skulle ein sikre ei forsvarleg forvaltning av fisket og lik tilgang for alle til å fiske i marka. Ikkje alle

grunneigarane deltok i OFA. Dette førte mellom anna til at det framleis var fiskevatn i Oslomarka der ikkje allmua kunne fiske. I 1938 vart det arrangert eit møte på Håndverkeren i Oslo for å få grunneigar Løvenskiold og Norges Jeger- og Fiskerforbund til å gjere om på ein leigeavtale dei imellom. «Det gjelder Oslomarkas frihet,» skreiv Arbeiderbladet i samband med møtet.<sup>25</sup> Det er tydeleg at tilgangen til fiskevatna i marka var viktig og omstridt. Og skal vi tru Arbeiderbladet, var det fleire konfrontasjonar i marka: «Fiskere jages fra Heggelivannet. Monopolistene er på ferde.»<sup>26</sup> Det var ei anna stemning blant alle dei som brukte marka. «Tonen var altså bøs - den nye tonen i skogen.»<sup>27</sup> For Arbeiderbladet var dette ei sak som krevde politisk engasjement frå kommunen si side viss det ikkje fann si løysing gjennom at alle fiskevatn i Oslomarka vart del av OFA sitt ansvarsområde. «Som man forstår er det nødvendig at det snarest mulig treffes en ordning til beskyttelse av almenhetens friluftsliv. Det store møte i Håndverkeren forleden anviste en utvei, og hvis ikke det er mulig å få monopolistene til å følge den, må kommunen ta sig av saken.»<sup>28</sup>

Sjølv om tonen var bøs, ifølgje Arbeiderbladet, meiner eg det er mogleg å omtale desse siste åra av 1930-talet som ein periode der alle-



Turistklubben Gutenberg på pinsetur i Nordmarka i 1930.

mannsretten stod i fokus. Både på lokalplan i Oslo og på nasjonalt plan var ulike organ i arbeidarrørsla aktive. Særleg viktig er Arbeidarpartiet sitt arbeid med friluftsløven som vart oppstarta i 1939, men fyrst endeleg vedteke i Stortinget i 1957.<sup>29</sup> Men også Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening sitt engasjement for å sikre alle lik tilgang til å fiske i Osломarka, har vore eit viktig bidrag i dette arbeidet. I det følgjande skal vi sjå nærare på mellom anna Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening. Korleis vart friluftsliv også del av det organisatoriske livet i arbeidarrørsla og klassekampen i mellomkrigsåra?

## Jakt, fiske og friluftsliv som arbeidaridentitet?

Etablering av eigne organisasjonar for arbeidsfolk har vore eit viktig element i både klassekampen og etableringa av klasseidentitetar. Friluftslivet blir organisert inn som del av klassekampen med etableringa av m.a. Røde Speidere i 1923 og Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening i 1927.

Røde Speidere var, som namnet tilseier, ein speiderorganisasjon for arbeidarklassen sine barn. Tanken var at barna gjennom aktivitet skulle rekrutterast inn i arbeidarrørsla. Etter Ungdomsinternasjonalen i 1921 skreiv Christian Hilt eit lite skrift om korleis ungdomsarbeidet i dei kommunistiske barnelaga burde organiserast.<sup>30</sup> Idrett og friluftsliv var

Røde Speidere var, som namnet tilseier, ein speiderorganisasjon for arbeidarklassen sine barn. Tanken var at barna gjennom aktivitet skulle rekrutterast inn i arbeidarrørsla.

i aller høgste grad del av dette arbeidet, meinte Hilt, og ifølgje han burde det etablerast eigne idretts- og friluftslivorganisasjonar for barn av arbeidarrørsla. «Blant lagets medlemmer kan der dessuten dannes fottur-grupper som under tilsyn av eldre kamerater foretar regelmessige turer til fots. Barna venner sig derved til det friske, sunde liv i skog og mark og faar kjendskap til sit distrikt. Blev slike fotturgrupper først organisert indenfor alle barnelag vilde det være meget let senere at utarbeide bestemte regler for grupperne og saaledes skape en organisation som kunde overflødiggjøre speidergutbevægelsen. Tanken bør derfor optas til alvorlig overveielse av alle barnelagsstyrere.»<sup>31</sup>

Ved skipinga av Kristiania Røde Speidere i 1923 vart delar av Christian Hilt sine tankar sett ut i livet. Typiske speidaraktivitetar som til dømes nevenyttighet, sang, utflukter og leirliv stod på programmet for Røde Speidere. Slik sett var det lite som skilde dei frå dei borgarlege speiderane i Norges Speiderguttforbund. Samstundes vart det ikkje lagt skjul på, snarare tvert om, at arbeidet med barna hadde ein klar politisk dimensjon. «De røde speidere maa bli vore kjernetropper,» skreiv Barnebladet i 1923.<sup>32</sup> I eit utkast til lover for Røde Speidere står følgjande: «Guttene og jentene skal paa sine utflukter lære og kjenne og holde av

arbeidersangene og med det røde flagg som samlingsmerke skal de lære å holde av og ære arbeidernes internasjonale fane.»<sup>33</sup>

Raskt dalande medlemstal i Oslo kan tyde på at organisasjonen ikkje fekk det omfang og vart dei kjernetroppane i det kommunistiske ungdomsarbeidet som initiativtakarane hadde sett for seg.<sup>34</sup> I 1933 fekk arbeidet med å organisere barna i arbeidarrørsla ny fart med etableringa av Framfylkingen. Dei tre store frivillige organisasjonane i arbeidarrørsla, AUF, AIF og LO gjekk saman om å stable ein ny barneorganisasjon på beina. Også i Framfylkingen vart friluftsliv og idrettsliv sett på som sentrale element i arbeidet med barna.

Som tidlegare nemnt vart Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening skipa i Oslo i 1927. I si framstilling av AJFF si historie legg Langset, Flatby og Skoglund stor vekt på at organisasjonen nærast tvang seg fram som eit høgst nødvendig organisatorisk alternativ for arbeidsfolk med interesse for jakt og fiske.<sup>35</sup> Samstundes er mange av foreininga sine engasjement gjennom 25 år omtala. Alt frå fiskekurs og -konkurransar ved Trollvann ved Grefsenkollen, via hyttebygging på Hardangervidda og etablering av eit nasjonalt forbund - Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund - og mykje meir er gjeve plass. Den overordna forteljninga i dette jubileumsskriftet er likevel den om korleis AJFF har leia an i kampen mot dei store grunneigarane, deira «generalar» i Norges Jeger- og Fiskerforbund og mot styresmaktene for at arbeidsfolk skulle få sin rettmessige tilgang til jakt og fiske i norsk natur. Dei politiske motiva til medlemmene og til organisasjonen synes klare. Det blir etablert ei klar førestilling av AJFF som ein klasseorganisasjon, der medlemmene var både politisk aktive og medvitne. Var det slik? Eg vil i det følgjande argumentere for at AJFF fyrst og fremst var ei foreining for jakt- og fiskeinteresserte. Klassekampen kom i andre rekkje. Medlemmene sin klare klasseidentitet som jubileumboka legg opp til var nok ikkje like klar for alle.

Namnet - Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening - indikerar eit val med tanke på kvar organisasjonen hørte heime i klassesamfunnet. Ved etableringa var det likevel ikkje like sjølvsgt at foreiningsnamnet skulle indikere tilhøyre til arbeidarrørsla. Det var eit mindretal som i staden meinte at foreininga burde få namnet Oslo Jeger- og Fiskerforening. I denne diskusjonen låg det også eit implisitt spørsmål om dette skulle vere ein klasseorganisasjon, eller om foreininga fyrst og fremst skulle ta seg av medlemmane si felles interesse for jakt og fiske. Skal vi tru forfattarane av jubileumsskriftet, handla dette namnespørsmålet meir om uvit enn om noko anna. «For dem som var klar over N.J&F.s karakter av en klasseorganisasjon for godseiere og kapitalister var saken nokså opplagt. Navnet i seg selv pekte på en solidarisk samling

Det blir etablert ei klar førestilling av AJFF som ein klasseorganisasjon, der medlemmene var både politisk aktive og medvitne. Var det slik?



Medlemmer av Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund forbereder fiskesesongen 1953 med kurs i fluekasting.

av det store utestengte flertallet med den kamp- og organisasjonserfarne arbeiderklassen i spissen.»<sup>36</sup>

Ein av dei som nok ikkje var like klar på Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening sin posisjon som ein klasseorganisasjon var foreininga sin fyrste formann, Borger Johansen. Borger Johansen var mellom anna av dei som stemte for namnet Oslo i staden for Arbeidernes. Vidare var han oppteken av å etablere gode relasjonar til NJFF. Det viste seg at Borger Johansen hadde vore og framleis var medlem av Norges Jeger- og Fiskerforbund også etter skipinga av AJFF. «Hans innstilling til mange spørsmål var da ikke lenger så vanskelig å forstå,» skriv Langset, Flatby

og Skoglund 25 år seinare.<sup>37</sup> Trass i at Borger Johansen her tydeleg har holdt sitt medlemskap i NJFF skjult og slik kanskje ført generalforsamlinga bak lyset, meiner eg det er mogleg å tolke dette dit hen at AJFF sin rolle i klassekampen i det minste var uklar.

Etter skipinga av jeger- og fiskerforeininga i Oslo tok det ikkje lange stunda før det vart etablert fleire slike lokale jeger- og fiskerforeiningar rundt om. I 1933 tok Osloforeininga initiativ til skipinga av eit nasjonalt forbund - Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund. Delar av det arbeidet Osloforeininga hadde gjort vart no overført på det nasjonale forbundet, mellom anna utgjeving av medlemsbladet «Jakt og fiske». Også mange av forbundet sine tillitsvalgte hadde utgangspunkt i Oslo.

Berre tre år etter, i 1936, vart forbundet forsøkt integrert i Arbeidernes Idrettsforbund. Både frå AIF og frå leiinga i Jeger- og Fiskerforbundet si side var det vilje til at jakt og fiske skulle innlemmast i det breie arbeidet for idrett og friluftsliv som stod på AIF sin agenda. Rundt om i dei lokale jeger- og fiskerforeiningane var det større skepsis til forslaget. På landsmøtet til Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund endte det med at eit fleirtal av delegatane ikkje delte hovudstyret sin entusiasme til forslaget om å bli del av AIF. Den viktigaste grunnen til denne skepsisen er å finne i AIF si klare konfrontasjonslinje med Landsforbundet for Idrett. Mange av delegatane var tydeleg urolige for kva rolle forbundet kom til å spele når det vart innlemma i AIF. Med representanten frå Rjukan i spissen gjekk landsmøtet inn for å få utreda kva rolle Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund skulle ha som klasseorganisasjon før dei kunne ta stilling til spørsmålet om AIF.

Spørsmålet om innlemming i AIF fekk ei relativt rask avklaring. Den steile konflikten i idretten gjekk mot ei løysing i 1936, etter at staten hadde grepet inn og fått etablert det som blir referert til som «Idrettsforliket». Med Idrettsforliket meinte styret i Arbeidernes Jeger- og Fiskerforbund at premissa for landsmøtevedtaket ikkje lenger var gjeldande og innleia igjen forhandlingar med AIF. Desse endte med at forbundet fortsette som sjølvstendig organisasjon, men AIF oppretta eit eige utval for Jakt, fiske og friluftsliv. Drifta av medlemsbladet «Jakt og fiske» vart også overført til AIF, og snart pryda AIF-stjerna framsida av bladet.

Det kan vere grunn til å spørje seg om ikkje jakt- og fiskeinteressa kan ha vore det viktigaste for medlemmene i Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening. Trass i eit engasjement for politiske saker frå organisasjonen si side er det ein del hendingar som kan peike i den retning at AJFF fyrst og fremst var ein interesseorganisasjon for jakt og fiske og deretter var ein klasseorganisasjon. Biletet er på ingen måte eintydig. Medlemmane i AJFF var ikkje berre jegerar, fiskarar, arbeidarar, byfolk, bygdefolk. Dei var alt dette og sikkert også meire til. Det er vel grunn til



Gutter fra sportsklubben Nordlyn reklamerer på sin egen måte for Arbeidernes Idrettsforbund på telttur i 1937.

å tru, som Matti Goksøyr poengterar, at det ikkje berre er forbunde med «det moderne» at ein går ut og inn av ulike identitetar.<sup>38</sup>

### Det raudgrøne alternativ?

Tek vi utgangspunkt i praksis, kan det vere vanskeleg å snakke om eit eige «arbeidarfriluftsliv» i mellomkrigsåra. Friluftsliv i arbeidarrørsla ser ut til å vere relativt likt det «borgarlege friluftslivet». <sup>39</sup> Likevel er det liten tvil om at det eksisterte *førestillingar* om eit arbeidarfriluftsliv. Det er særleg to moment eg ynskjer å trekkje fram her. Det eine er knytt til arbeidarkroppen. Gjennom friluftslivet kunne ein dyrke den *sterke, sunne og solbrune arbeidarkroppen* som eit symbol på fridom og kraft. I Rød Speiderfylking, og seinare i Framfylkingen, var det stor tru på den disiplinerte kraft som låg i friluftslivet. I Framfylkingen var idrett, friluftsliv og hygiene sentrale element i det som vart omtala som kroppskultur i deira leiarutdanning. Sjølv om det i 1920-åra ikkje var sett på som «politisk korrekt» blant sosialistar å bruke tida på idrett og trening, ser vi det motsette skje i praksis. <sup>40</sup> Utover på 1930-talet finn vi dei sterke og muskuløse kroppane, med kraftige kjeveparti og rank haldning, på valplakatar

og bokomslag, i reklame og på avissider. Solbrune kroppar fortel om «velstand», om ein konkret livsstil, om fritid og ressursar. Frå Tyskland og Danmark kjenner vi til at det voks fram ei naturistrørsle tett opp til arbeidarrørsla.<sup>41</sup> Den organiserte naturismen ser ikkje ut til å ha hatt det same fundamentet i norsk arbeidarrørsle - kanskje som følge av klima? Uansett ser både nakenbading og soling ut til å ha vore eit viktig element i friluftslivet for mange. Martin Tranmæl skal til dømes ha vore ein ivrig soltilbedar og nakenbadar og med rykte på seg for å vere ein knallhard isbadar.<sup>42</sup>

Det andre sentrale moment i denne samanheng er førestillinga om ein demokratisert og offentleg natur. For arbeidarrørsla passa delar av argumentasjonen for naturvern godt saman med politisk retorikk. Naturen måtte vernast mot kapitalismen og kapitalmakta. Truslar mot naturen var like mykje ein trussel mot arbeidarane. Utan ei sterk arbeidarrørsle ville naturen bli øydelagt, og alt kapitalkreftene ville etterlate seg var eit utarma Noreg. Særleg sentral stod kampen mot den private eigedomsrett. Men også statlege og kommunale engasjement for å sikre folk flest tilgang til naturen var viktig. Torgeir Vraa, stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet, uttalte at folkets rett til naturen var eit viktig prinsipp i Arbeiderpartiet sin politikk.

I førestillingane om den sterke, sunne og solbrune kroppen og den offentlege naturen vart arbeidarrørsla sin kamp mot dei undertrykkande kapitalkreftene og for fridom foreina med den fridom som friluftslivet og naturen gav. Gjennom friluftslivet vart både den raude og grøne fridomen satt i scene. Slik sett kan det gje meining å snakke om at eit arbeidarfriluftsliv eksisterte i mellomkrigsåra.

## Noter

- 1 I.J. Lyngø og A. Schiøtz: *Tarvelig, men gjestfritt. Den Norske Turistforening gjennom 125 år* Oslo: Den Norske Turistforening, 1993, s. 34.
- 2 O. Solenes: *–Bort fra storbyens unatur Ei historisk analyse av friluftslivet innan arbeidarrørsla i Oslo, 1900–1940.* Hovudfagsoppgåve, Norges idrettshøgskole. Oslo, 2001.
- 3 Denne polariserte framstillinga av arbeidaridretten er nyansert av mellom andre F. Olstad: *Historien om Arbeidernes Idrettsforbund – keiserens nye klær?*, i Mo og Gøksøyr (red.) *Norsk Idrettsbistorisk Årbok 1989*
- 4 Sjå til dømes K. Kjeldstadli: Åtte timer arbeid, åtte timer fritid og åtte timer hvile, i Grimstad Klepp og Svaverud (red.) *Idrett og fritid i kulturbildet, Humanioradagene 1993* Oslo 1993.
- 5 T. Hegna: *Oslo Typografiske forening 100 år* Oslo, 1972.
- 6 På sju år, frå 1885 til 1892, vart det i Kristiania registrert 29 dødsfall blant tilsette i trykkeria. Av desse var 21 registrert med lungesjukdomar som dødsårsak. I same periode døyde 55 trykkeriarbeidarar i heile landet, 44 som følgje av lungesjukdom. Største delen, 33 personar, var under 30 år medan 12 var over 40 år. Hegna 1972:188.
- 7 Typografiske Meddelelser 24.8.1895, i Hegna 1972:190
- 8 Sjå Solenes 2001 for meir om Gutenberg og Fagerheim.
- 9 Sjå til dømes H. Amundsen: Skogmarka for folket, i Larsen (red.) *Oslomarka Bd.1* Oslo 1938
- 10 Eit referat frå ein slik tur er gjengjeve i *Grevlingen 1993* (2).
- 11 R. Bjørvik og P.O. Nybruget (red.): *Oslo og Akershus i nær fortid*, Oslo 1983.
- 12 Arbeiderbladet 23.09.1996
- 13 Henrik Ibsen sitt dikt «Paa Vidderne» har jo nærast fått ein kanonisk posisjon innan norsk friluftslivstradisjon, saman med Fritjof Nansen sine tidlege tekster.
- 14 Friluftsklubben: *Friluftsklubben gjennom 25 år*, Oslo 1948.
- 15 Intervju med Einar Linderud, gjennomført av Gjermund Andersen. Utlånt til forfatteren.
- 16 A. Vevstad: *Det begynte med Frognerseterskogen: Oslo kommunes skoger 1889–1989*, Oslo 1989
- 17 Oslo Byarkiv, Aktstykker Kristiania kommune 1923–1924. Brev fra Jernbanens baatforening 17.03.23; G. Waage: *Fra Konglungen til Padda: om øyene innerst i Oslofjorden*, Oslo 1998
- 18 A.M. Noraker: «Ingierstrand Fjordens Frogner seter» i *Tobias 1999* (2)
- 19 Social-demokraten 25.07.1913.
- 20 Arbeiderbladet 22.08.1938
- 21 A.P. Jønsson: *Jaktloven av 1889* Hovedoppgave i historie. Oslo 1999
- 22 Solenes 2001.
- 23 Arbark, ARK 2102 Arbeidernes Jeger- og Fiskerforening sitt arkiv. Verveplakat.
- 24 Oslomarka Fiskealmenning skifta snart namn til Oslomarkas Fiskeadministrasjon
- 25 Arbeiderbladet 02.07.1938
- 26 Arbeiderbladet 21.07.1938
- 27 Arbeiderbladet 21.07.1938
- 28 Arbeiderbladet 21.07.1938
- 29 Mykje av grunnlaget for lova vart, både formelt og uformelt, lagt i mellomkrigsåra som følgje av det sterke engasjement for friluftsliv i ulike delar av norsk arbeidarrørsla. For meir om friluftsløven, sjå B. Tordsson: *Å svare på naturens åpne tiltale*, Oslo 2003.
- 30 C. Hilt: *Arbeiderbevægelsen og barna*, Oslo 1921

- 31 Hilt 1921:10.
- 32 Barnebladet, august 1923
- 33 Arbark, ARK-2099 Framfylkingen i Oslo sitt arkiv. Kristiania Røde Speidere, Protokoll 1924–1926.
- 34 Eg vil her ikkje gå nærare inn på aktiviteten i Røde Speidere da dette blir omhandla i ein anna artikkel. Sjå også Solenes 1991 for meir.
- 35 Langset, Flatby og Skoglund 1952
- 36 Langset, Flatby og Skoglund 1952:14
- 37 Langset, Flatby og Skoglund 1952:16
- 38 M.Goksøyr: Opplevd fellesskap og folkelig nasjonsbygging, *Historisk Tidsskrift* 3/2000
- 39 Dette kjenner vi også igjen frå andre aktivitetar utøvd i den nye fritidssfæren, som til dømes i idretten.  
Sjå Olstad 1987.
- 40 Goksøyr 2000
- 41 H. Eichberg og E. Jespersen: *De grønne bølger: træk af natur- og friluftslivets historie*, Slagelse, 1986
- 42 I Tranmæl-hytta i Maridalen heng det mellom anna eit «diplom» utstedt til Martin Tranmæl for hans innsats som isbadar.